



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Florø
Dato: 18.10.2022
Tid: Kl. 09:15

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Helen Hjertaas	Kinn AP
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Kjell Heggen	Kinn Rødt
Tom André Vedvik Hopland	UAH

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Bjørn Hollevik	Kinn H		

Møtenotater:

Møtenotater:

Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Kinn kommune:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør. I sakene OS004, OS005, RS017 og PS042


Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef samfunn, kultur og miljø. I sakene OS004 og OS005

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge: PS032, PS033, PS034 – RS014, PS034 – RS015, PS034 – RS016, PS035, PS036, PS037, PS038, PS039, OS006, OS004, OS005, PS034 - RS017, PS042, PS040 og PS041.

Kjell Heggen
Leiar i kontrollutvalet

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
032/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
033/22	Godkjenning av møteprotokoll
034/22	Refererte skriv og meldingar
004/22	Kommunedirektøren - Orientering om brannstasjonar i Måløy og Florø
005/22	Kommunedirektøren - Orientering om Holvik barnehage
035/22	Revisjonsplanlegging finansiell revisjon 2022
036/22	ÅRSREKNESKAP, REVISJONSMELDNG MM 2021 FLORØ PARKERING AS
037/22	ÅRSREKNESKAP, ÅRSMELDING, REVISJONSMELDNG 2021 VÅGSØY PARKERING AS
038/22	Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding 2021 Nordfjord Miljøverk IKS (NOMIL)
039/22	Budsjett for kontrollordninga 2023
040/22	Vedtaksoppfølging
041/22	Saker til eventuell seinare behandling
006/22	Verksemdbesøk Havhesten
042/22	2. tertialrapport 2022 med revidert budsjett



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52752
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 12.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:


Godkjenning av sakliste:

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOUT- 032/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/51747
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 04.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.


KOUT- 033/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kontrollutvalet - 08.09.2022



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52753
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 12.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggande sak:

014/22, Påvirker økt inflasjon kommunene?

015/22, Kommunestyrevedtak - Reglement for kontrollutvala

016/22, Referat frå orienteringsbesøk Kulatoppen omsorgssenter

017/22, Åpenhetsbarometeret 2022

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

RS017 Åpenhetsbarometeret 2022

Kommunedirektøren orienterte og svarte på spørsmål. Han viste svar frå ordføraren som skal leggast fram for kommunestyret i neste møte.


Røysting:

Dagleg leiar si tilråding samrøystes vedtatt.

KOUT- 034/22 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52684
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 12.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Kommunedirektøren - Orientering om brannstasjoner i Måløy og Florø

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren ved kommunalsjef Rolf Bjarne Sund orienterte og svarte på spørsmål.

KOUT- 004/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.


Bakgrunn for saka:

I PS28/22 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

«Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientere om status og fristar frå Arbeidstilsynet i samband med brannstasjonar i Måløy og Florø.»

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren orienterer.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52061
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 06.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Kommunedirektøren - Orientering om Holvik barnehage

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

Kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen orienterte og svarte på spørsmål. Viser til vedlegg i saka.

KOUT- 005/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Bakgrunn for saka:


I møtet 08.09.2022 stilte kontrollutvalet spørsmål til kommunedirektøren vedrørende arbeidstilsynet si godkjenning av Holvik barnehage. Då kommunedirektøren ikkje var varsla på førehand vil han kome tilbake til saka.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren orienterer om Holvik barnehage. Han kjem med eit skriftleg svar som vert lagt på saka.

Vedlegg i saken:

Informasjon om utbetring av Holvik Barnehage
Informasjon om utbetring av Holvik Barnehage
Status og framdrift Holvik barnehage



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52293
Sakshandsamar: Astrid Landsverk Sande
Dato: 07.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
035/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Revisjonsplanlegging finansiell revisjon 2022

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende Vestland Revisjon sin plan for finansiell revisjon 2022 for Kinn kommune.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

KOUT- 035/22 Vedtak:


Kontrollutvalet tek til vitende Vestland Revisjon sin plan for finansiell revisjon 2022 for Kinn kommune.

Bakgrunn for saka:

Vestland Revisjon har utarbeida planleggingsdokumentet for finansiell revisjon for 2022.

Vedlegg i saken:

Presentasjon



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52613
Sakshandsamar: Astrid Landsverk Sande
Dato: 11.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
036/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

ÅRSREKNESKAP, REVISJONSMELDNG MM 2021 FLORØ PARKERING AS

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap og revisjonsmelding 2021, samt rapport om sentrums-utvikling og parkering til vitende.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

KOUT- 036/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap og revisjonsmelding 2021, samt rapport om sentrums-utvikling og parkering til vitende.

Faktaopplysningar

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 og Forskrift for Kontrollutval § 13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap.
- Dagleg leiar var i Kontrollutvalet og orienterte i fjor haust. Sidan ho vurderer det slik at det ikkje er spesielle forhold i selskapet, tenker vi i år å avgrense det til at Kontrollutvalet får framlagt siste årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Selskapet sitt formål er å i verksette tidlegare Flora Kommune sin parkeringspolitikk og å planlegge, opparbeide og leige ut parkeringsareal.
- Selskapet er eit heileigd aksjeselskap av Kinn Kommune.
- Det var ikkje vesentleg endring i inntektene i selskapet frå 2020 til 2021. **Inntektene ligg på 3,8 mill.** begge åra. I 2021 utgjer overskotet 8 % av inntektene og i 2020 10 %.

- Årsrekneskapen viser eit **årsoverskot på ca. 316 000 kr.** Overskotet i 2020 var 392 000 kr.
- Det langsiktige lånet til Kinn Kommune er betalt ned i 2021.
- Selskapet har ved utgangen av 2021 2 årsverk.
- Dagleg leiar opplyser at sjukefråværet er tilnærma 0.

Vurdering og konklusjon


- Eigenkapitalen på 1,2 mill. kr. utgjer 38 % av totalkapitalen (sum gjeld og eigenkapital) 31.12.2021. Dette nøkkeltalet blir kalla eigenkapitalandel eller soliditet, og seier noko om kva støtpute selskapet har for å tåle tap. Pr. 31.12.20 var dette nøkkeltalet på 31 %. At nøkkeltalet er stigande er positivt, men selskapet har ikkje økonomi til å investere i parkeringsanlegg.
- Dersom medlemmane i Kontrollutvalet har spørsmål, blir det vidareformidla til dagleg leiar.

Vedlegg i saken:

Årsrekneskap og revisjonsmelding 2021

Protokoll frå generalforsamlinga der årsrekneskapen er handsama

Rapport om sentrumsutvikling og parkering



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52626
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 11.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

ÅRSREKNESKAP, ÅRSMELDING, REVISJONSMELDING 2021 VÅGSØY PARKERING AS

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 til vitende.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

KOUT- 037/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 til vitende.

Faktaopplysningar

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 og Forskrift for Kontrollutval § 13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap.
- Dagleg leiar har vore i Kontrollutvalet og orientert dei to siste åra. Sidan han vurderer det slik at det ikkje er spesielle forhold i selskapet, tenker vi i år å avgrense det til at Kontrollutvalet får framlagt siste årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Selskapet sitt formål er å føre opp og drive parkeringsanlegg og oppfylle kommunen sine krav til parkering- og oppstillingsplassar i Måløy.
- Selskapet er eit heileigd aksjeselskap av Kinn Kommune.
- Det var ikkje vesentleg endring i inntektene i selskapet frå 2020 til 2021. **Inntektene ligg på 1,7 mill.** begge åra. Overskotet utgjer 2,1 % av inntektene i 2021 og 6,3 % i 2020.
- Årsrekneskapen viser eit **årsoverskot på ca. 36 000 kr.** Overskotet i 2020 var

108 000 kr.

- Reduksjonen i overskotet skuldast kr 30 000 i auka lønnskostnadar og kr. 50 000 i høgere andre driftskostnadar. Dette gjeld innleigd hjelp for å ta forefallande vedlikehald som oppmerking av parkeringsplassar, stell av bed mm.
- Styrehonorar kr 40 500.
- Selskapet er friteken for skatteplikt.
- Selskapet har 1 årsverk.
- Sjukefråvær er i flg. dagleg leiar tilnærma 0.

Vurdering og konklusjon

- Eigenkapitalen på 3,4 mill. kr. utgjer 65 % av totalkapitalen (sum gjeld og eigenkapital) 31.12.2021. Dette nøkkeltalet blir kalla eigenkapitalandel eller soliditet, og seier noko om kva støtpute selskapet har for å tåle tap. Pr. 31.12.20 var dette nøkkeltalet på 62,7 %.
- Dersom medlemmane i Kontrollutvalet har spørsmål, blir det vidareformidla til dagleg leiar.

Vedlegg i saken:

Årsrekneskap 2021


Notar 2021

Uttale frå leiinga

Revisjonsmelding 2021

Styremøtereferrat der årsrekneskapen er behandla

Kontrolloppstilling lønn mm



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52606
Sakshandsamar: Astrid Landsverk Sande
Dato: 11.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding 2021 Nordfjord Miljøverk IKS (NOMIL)

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 for Nordfjord Miljøverk IKS til vitende.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

KOUT- 038/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 for Nordfjord Miljøverk IKS til vitende.

Faktaopplysningar:

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 og Forskrift for Kontrollutval § 13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Dagleg leiar har vore i Kontrollutvalet og orientert dei to siste åra. Sidan han vurderer det slik at det ikkje er spesielle forhold i selskapet, tenker vi i år å avgrense det til at Kontrollutvalet får framlagt siste årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Selskapet er eit interkommunalt selskap for avfallshandtering etter forureiningslova § 30 og 34 for kommunane; Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn.
- Eigarandel til kvar kommune er fastsett etter folketalet i kommunen. Kvar kommune heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet si gjeld.
- Det var vesentleg auke i talet på abbonementar og endring i eigarstrukturen i samband med kommunereforma. Flora-delen av Kinn Kommune gjekk over til Nomil 1.1.2020. Kinn har den høgste eigarandelen i selskapet.

- Årsrekneskapen viser eit **overskot på 4,9 mill. kr.** Det er vesentleg høgere enn budsjettet og 2020.
- **Inntektene er på 89 mill. kr.**
- Det er auke på 7,1 mill. i forhold til 2020 og utgjer 8,7 %
- I forhold til budsjettet er inntektsauken på 7,2 %
- 75 % av inntektene kjem frå private abonnentar
- Inntektsauken kjem av gode prisar på levering av metall, plastemballasje, papp og papir, samt auke i gebyra frå abonnentane
- Selskapet har ved utgangen av 2021 35 årsverk fordelt på 39 tilsette.
- Sjukefråvær er lavt med 2,4 %, ein nedgang frå 5,2 % i 2020. Selskapet har ikkje hatt alvorlege arbeidsuhell i 2021, men i 2022. Det er fokus på HMS.
- Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt.
- Viser til vedlegga for utfyllande informasjon.

Vurdering og konklusjon


- Eigenkapitalen på 11,6 mill. kr. utgjer 18,8% av totalkapitalen (sum gjeld og eigenkapital) 31.12.2021. Dette nøkkeltalet blir kalla eigenkapitalandel og soliditet, og seier noko om kor stor støytpute selskapet har for å tole tap. Pr. 31.12.20 var dette nøkkeltalet på 12 %.
- Dersom kontrollutvalsmedlemmane har spørsmål, vil det bli vidareformidla til dagleg leiar.

Vedlegg i saken:

Styret si årsmelding 2021 med årsrekneskap og revisjonsmelding

Utskrift frå styremøte der årsrekneskapen er handsama

Utskrift frå møte i representantskapet der årsrekneskapen er behandla



Saksnr.	Utval	Møtedato
039/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Budsjett for kontrollordninga 2023

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

- Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr. 301 000.
- Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Vestland Revisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjetta ligg til representantskapa i selskapa.
- Kontrollutvalet tek til vitende den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 med kr.1 988 000.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

Tilleggspost uforutsette kontrollhandlingar, foreslått av Kjell Heggen, Kinn Rødt

- Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr. 401 000 (301 000 + 100 000)
- Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Vestland Revisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjetta ligg til representantskapa i selskapa.
- Kontrollutvalet tek til vitende den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 med kr. 2 088 000 (1 988 000 + 100 000).

Kjell Heggen kom med forslag om å auke ramma til kontrollutvalet med kr. 100 000 til uforutsette kontrollhandlingar. Innstilling til endringsforslaget frå Heggen vart einstemmig vedtatt.

KOUT- 039/22 Vedtak:

- Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr. 401 000 (301 000 + 100 000)
- Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Vestland Revisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjetta ligg til representantskapa i selskapa.
- Kontrollutvalet tek til vitende den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 med kr. 2 088 000 (1 988 000 + 100 000).

Bakgrunn for saka:

Forskrift om kontrollutval og revisjon § 2:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven §14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar:

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille nødvendige ressursar til disposisjon. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen der utgifter til utvalet si eiga verksemd, sekretariats-bistand og revisjon kjem fram.

Utdrag frå Kontrollutvalsboka: «For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.»

Det er forskriftsfesta at kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontroll og tilsyn skal leggjast fram for kommunestyret uendra. I kommune- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar for kontrollutvalsarbeidet står det:

«Budsjettforslag frå kontrollutvalet kan bare endres av kommunestyret. Grunnen til at kontrollutvalets budsjett er i en særklasse, er at utvalget skal være fritt og uavhengig av de organer som utvalget skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller et organ som kontrollutvalget skal kontrollere og ha tilsyn med, for eks. formannskapet eller administrasjonsutvalget, får innvirkning på tilsynsorganets budsjetttramme.»

Kommunestyret kan sjølv sagt vedta eit anna budsjett enn det kontrollutvalet foreslår for seg sjølv som organ. Administrasjonen skal ikkje ha innverknad på kontrollutvalet si budsjetttramme.

Av KOSTRA-rettleiaren går det fram at kostnadspostane skal gå fram på funksjon 110 i kommunerekneskapen:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

Budsjettforslag

Konto	Tekst	Budsjett 2023	Budsjett 2022	Rekneskap 2021
	Godtgjersle til leiar	45 000		44 459
1082	Møtegodtgjersle	24 000	73 000	13 000
1083	Tapt arbeidsforteneste	100 000	25 000	98 426
	Frikjøp		20 000	
	Pensjonsutgifter		10 950	
1099	Arbeidsgivaravgift	23 000	16.050	16 161
	Grunnlag skattetrekk telefon og parkering			3 000
	Forbruksmateriell og diverse småkostnadar			1 975
1102	Abonnement og faglitteratur	15 000	5.000	13 050

	Beverting	9 000	9.000	6 939
	Hotell/overnatting		18.000	
1171	Reiseutgifter	25 000	45.000	24 481
	Opplæring	45 000		
	Leige lokaler	5 000	10.000	3 500
1197	Kontingent	10 000	8.000	9 000
	Sum Kontrollutvalet som eige organ/verksemd	301 000	240.000	233 991
	Undersøking Nordfjord Havn IKS			359 000
1272	Kjøp av revisjonstenester frå Vestland Revisjon	1 177 000	1 119 000	1 114 115
1380	Kjøp av sekretariatstenester frå Vest Kontroll	510 000	490 000	450 000
	Sum kostnadar til kontrollutval, sekretariat og revisjon	1 988 000	1 848 000	2 157 106

Auken i budsjettet til kontrollutvalet kjem i hovudsak av auke i tapt arbeidsforteneste og opplæring.

I tillegg til budsjettet beløp til Vest Kontroll i 2022 kjem kr. 45 000 som representantskapet gjorde vedtak om 30.09.2022. Dette dekker ekstrakostnadar i år som følgje av arbeidet med å rekruttere ny dagleg leiar.

Godtgjersle til folkevalde

I flg. godtgjersleregulativet til Kinn Kommune som gjeld frå 2019 skal leiaren i kontrollutvalet godtgjerast med 4,5 % av ordførarløna som er kr. 988 000. Dette utgjer ca. 45 000 kr. pr. år. Medlemmar av kontrollutvalet får godtgjersle pr. møte med 0,95 % av ordføraren si årsløn. Dette utgjer kr. 950 pr. møte.

1080 Tapt arbeidsforteneste

Det er stadfesta frå tenesteleiar på service at beløpet som er kostnadsført på tapt arbeidsforteneste i 2021 gjeld kontrollutvalet. Posten bør difor aukast vesentleg i 2023.

1102 Tidsskrift/abonnement

Kontrollutvalet sine medlemmer får medlemsbladet til Norges Kommunerevisorforbund og abonnement på avisa Kommunal Rapport. Dette gjev utvalet tilgang på fagartiklar og problemstillingar som er nyttig for arbeidet i kontrollutvalet.

1150 Opplæring og kurs

På grunn av koronapandemien var det få konferansar og kurs i åra 2020 til 2022.

Ettersom det er valår i 2023 må midlar til opplæring aukast.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv m.a. dette om opplæring i Kontrollutvalsboka:

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg

opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalsmedlemmane held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

Dei konferansane som er mest aktuell å delta på er Norges Kommunerevisors Forbund NKRF sin kontrollutvalskonferanse og Forum for kontroll og tilsyn FKT sin fagkonferanse.

1197 Kontingentar

Kinn kommune har medlemskap i FKT. Storleiken på kontingenten er bestemt ut frå kommunen sitt innbyggjartal. No utgjør det kr. 9 700.

1272 Kjøp av revisjonstenester frå Vestland Revisjon


Dagleg leiar i Vestland Revisjon har foreslege kr. 1 177 000 overfor selskapet sitt styre og representantskap. Beløpet inneheld rekneskapsrevisjon/finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, etterlevingskontroll, attestasjonar, tippemiddelrekneskap, oppmøte i kontrollutval og kommunestyre, samt mindre konsulentoppdrag.

1380 Kjøp av sekretariatstenester frå Vest Kontroll

Budsjettet for Vest Kontroll sine tenester til Kinn Kommune er vedteke av selskapet sitt representantskap. Det er lagt til grunn ei auke på 4 % i budsjettet med bakgrunn i Teknisk Beregningsutvalg sine anslag.

Saksgang

Budsjettframlegget frå kontrollutvalet om til kontrollordninga må leggjast inn i kommunen sin budsjettmodul og følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52525
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 10.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Vedtaksoppfølging

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

KOUT- 040/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Bakgrunn for saka:

Sakar som må følgast opp vidare er merka i vedtaksoppfølginga.

Saksopplysningar:


Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.

Vest kontroll

Dagleg leiar
Jostein Støylen

Vedlegg i saken:

Vedtaksoppfølging



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52685
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 12.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
041/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Saker til eventuell seinare behandling

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:


Leiar i kontrollutvalet opplyser om at det har kome fram nye opplysningar vedrørende tapt arbeidsforteneste.

KOUT- 041/22 Vedtak:

Kinn kontrollutval ber Vestland Revisjon undersøke om beregning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste er gjort i henhold til kommunelova og kommunens vedtatte godtgjørelseregulativ innan 01.03.2023.

Saksopplysningar:

Sekretariatet har ikkje motteke opplysningar om saker til seinare behandling.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/52931
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 13.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

Verksemdbesøk Havhesten

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek omvisinga og orienteringa til vitende.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

Dagleg leiar Magny Kalvøy Rogne og FDVU ingeniør John Mehammer orienterte og viste kontrollutvalet rundt på anlegget.

KOUT- 006/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek omvisinga og orienteringa til vitende. Sekretariatet lagar eit enkelt referat med blete fr verksemdbesøket.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjer seg kjend med dei kommunale verksemdene.

Saksopplysningar:

Dagleg leiar i Havhesten viser kontrollutvalet rundt på anlegget og gir ei generell orientering.



Saksnr.	Utval	Møtedato
042/22	Kontrollutvalet	18.10.2022

2. tertialrapport 2022 med revidert budsjett

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapporten inkl. finansinformasjon for 2. tertial 2022 til vitende.

Kontrollutvalet 18.10.2022:

Handsaming:

Bekymring for økonomisk utvikling, foreslått av Tom André Vedvik Hopland, Kinn SenterpartiUavhengig

Kontrollutvalget er bekymret for økonomien til kommunen, når en registrerer at allerede i år er mye av fondet oppbrukt. Med forventet prisstigning og renteøkning som trolig vil føre til økning i lønnskostnader, vil dette føre til et strammere budsjett fremover.

Kommunedirekør Øyvind Bang-Olsen orienterte og svarte på spørsmål.

Tom André Vedvik Hopland og Helen Hjertaas kom med forslag om eit ekstra punkt i vedtaket. Endringsforslaget vart einstemmig vedtatt.

KOUT- 042/22 Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek tertialrapporten inkl. finansinformasjon for 2. tertial 2022 til vitende.
2. Kontrollutvalget er bekymret for økonomien til kommunen, når en registrerer at allerede i år er mye av fondet oppbrukt. Med forventet prisstigning og renteøkning som trolig vil føre til økning i lønnskostnader, vil dette føre til et strammere budsjett fremover.

Vedlegg i saken:

Saksframlegg formannskapet
Framlegg kommunedirektøren